

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF
DATO: 07.12.2021
SAKSHANDSAMAR: Vidar Vie
SAKA GJELD: **Rapportering om prosjekt i Helse Førde**
ARKIVSAK: 2020/9680

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
17.12.2021

STYRESAK:
085/2021

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret tek rapportering om status for prosjektporteføljen til vitende.
2. Styret ber administrerende direktør arbeide vidare med å betre styringa av prosjektporteføljen slik det går fram av saksframlegget.

Oppsummering

Det er stor og aukande aktivitet i prosjekt innan bygg, IKT og organisasjonsutvikling. I tillegg blir det arbeid for å betre styringa av den samla porteføljen.

Fakta

Helse Førde har ein omfattande prosjektportefølje, som involverer medarbeidarar i alle deler av organisasjonen. Dei aller fleste prosjekta er organisert i desse programma:

- Pasientens helseteneste
- Nye Førde sjukehus
- Alle møter
- Heliks
- Libra

Det er gjort nærare greie for dei ulike prosjekta i den vedlagde porteføljerapporten, men mellom dei viktigaste aktivitetane i år er:

- Start bygging Livabygget
- Organisasjonsutviklingsprosjekt i Pasientens helseteneste
- Ny journalløysing (ODA)
- Innføring av nye kommunikasjonsverktøy gjennom Alle møter - programmet
- Innføring av ny innkjøps- og lagerløysing

Prosjekta rapporterer gjennomgåande på framdrift som planlagt.

Parallelt med den store aktiviteten vert det også arbeid med å betre porteføljestyringa i helseføretaket. Sjølv om leiinga er tett på dei store programma gjennom deltaking i styringsgruppene, så er det også behov for å arbeide med den heilskapelege og overordna styringa.

I 2021 vert det hovudsakleg arbeid med, eller lagt planar for å få på plass:

1. Fast månadleg og lik rapportering
2. Risikovurdering
3. Milepårsplanar
4. Kostnads- og ressursoversikt
5. Gevinstplanar/endingsoversikt

Dei aller fleste prosjekta rapporterer no status og risiko, jamfør punkt 1 og 2 ovanfor. Det blir no lagt til rette for å få på plass heilt grunnleggande milepalar rapportert i same format for alle prosjekt. Når det gjeld oversikt som syner ressursbehov framover, så er det i varierende grad på plass. Det er manglande oversikt når det gjeld kva endringar prosjekta medfører over tid, knytt til kostnader og gevinstar. For det siste er det utarbeidd ein mal som no skal prøvast ut i nokre prosjekt i Pasientens helseteneste.

Kommentarar

Gjennomgåande har Helse Førde god styring innanfor dei enkelte prosjekta og programma. Det er likevel behov for nokre grep på eit overordna nivå. I år er det innført fast og lik rapportering i alle prosjekta i dei store programma, og dei har også gjennomført risikovurderingar. Det blir arbeidd med å synleggjere milepålar og andre aktivitetar fram i tid. Statusrapportar, risikovurderingar og milepålsplanar skal utførast i same verktøy, og vil gjere det enklare å få eit heilskapleg bilete av prosjektaktivitetane.

Helse Førde har i dag ikkje eit fullgodt bilete av kva kostnader og ressursar den samla prosjektporteføljen medfører, eller eit overordna bilete av gevinstane prosjekta skal gje. Dette har også merksemd på regionalt nivå, og skal etablerast i større grad frå og med neste år.

Mange av prosjekta i Helse Førde er regionale prosjekt, slik som Alle møter, Heliks og LIBRA. Den regionale aktiviteten er også aukande, og medfører etterspurnad etter lokale ressursar. Ein god del regionale innføringsprosjekt ligg utanfor dei store programma. Sjølv om det er god forankring knytt til desse prosjekta, også i Helse Førde, er det ei utfordring i eit porteføljeperspektiv at dei ikkje rapporterer lokalt slik som dei store programma.

Porteføljestyring handlar om å styre prosjekta slik at ressursane til verksemda vert nytta på best mogeleg måte for å nå dei strategiske måla. Styringa utviklar seg gradvis rett veg, men det er framleis forbettringspotensiale.

Konklusjon

Status på rapporteringa frå prosjekta syner gjennomgåande framdrift som planlagt. Samstundes er det behov for å betre styringa av porteføljen totalt sett.

Vedlegg:
Porteføljereport haust 2021

